



DEN NORSKE KYRKJA

Ålhus og Helgheim sokneråd

Møtebok

Styre, råd og utval Ålhus og Helgheim sokneråd	Møtestad Vassenden kyrkjesenter	Møtedato 06.06.2024
Arkiv nr.	Møtestart 18.00	Møteslutt 19.00

Til stades på møtet:

Norvald Nedrebø, Hildegunn Huus (leiar Helgheim), Aud Førde, Steinar Dvergsdal, Camilla Klakegg (vara), Magne Kristian Kvinge, (1. vara) Bernt Kjøsnes, Ingvill Marie Støfringstøl, , Ingeborg Bråttvik Slåtten, Silje Sørebo, (prest) Annette Svidal Slåtten, (leiar Ålhus), Solveig Steenslid Lesto, Inger Johanne Klakegg.

Meldt forfall: Bjørn Anders Steinsund

Saker 10-18/24

Utskrifter:

Faste- og vara medlemmar (jf lister).

Opning v/Inger Johanne Klakegg.

Sak 10/24 Godkjenning av innkalling

Framlegg til vedtak: innkallinga godkjend utan merknad

Vedtak: Innkallinga godkjend utan merknad

Sak 11/24 Godkjenning av referat 05.03.24

Framlegg til vedtak: referat godkjend utan merknad.

Vedtak: Referatet godkjend utan merknad

Sak 12/24 Konfirmantfest 2024, evaluering, vedtak om ny ordning - Annette informerar.

Konfirmantfesten 2024 var vellukka sett både frå konfirmantar, foreldre og sokneråd si side.

Det kom forslag om å prøve ei endring neste år. Sokneråda skal prøve å gjere konfirmantfesten til «sin eigen», og ikkje lenger kjøpe tenester frå kyrkjesenteret. Det er henta inn tilbod frå eksterne som viser at ein kan tene ein god del på å prøve dette. Pristilbodet gjeld hovudretten, så sokneråda må ordne med dessert, lys, serviettar etc. Forslag om is til dessert, ,som tidlegare år.

Vedtak: Sokneråda går inn for å prøve dette, einstemmig

Neste års konfirmantfest vert 27. april 2025.

Sak 13/24 Song mot haust, gudsteneste 18.august,

Invitasjon bebuarar på omsorgssenteret, pårørande, pensjonistar og heimebuande Takke av Silje som sokneprest.

Informasjon og invitasjon kjem i «Hyrdingrøysta». Det vert også lagt ut informasjon på Vassenden omsorgsenter.

Sak 14/24 Kyrkjelydstur -2024

Steinar Dvergsdal informerte om turen. Det vil komme informasjon i «Hyrdingrøysta». Dersom det kjem lite påmelding frå Jølster kan vi også gje tilbod til Førde og Naustdal.

Sak 15/24 29.august, forteljarkveld med Anne Kristin Osmundtveit, i Ålhus kyrkje og avslutning i Prestegarden,

Ålhus sokneråd hjelper til og organiserer kaffi, mat, mm i Prestegarden. Silje Sørebo informerte om arrangementet.

Sak 16/24 Søknad om midlar til Pianisten til Anita Nordheim, gudsteneste i høve «Jazz på Jølst.»

Framlegg til vedtak: kr 2000,- frå kvart sokneråd.

Vedtak: Kvart sokneråda støttar med kr 2000,-.

Sak 17/24 Søknad om midlar til sokneråda frå prest Fredrik Bråttvik, om leiartrenarkonferanse/deltakaravgift for 10.klassingar i Jølster. (followme Lyngdal)

Framlegg til vedtak: Sokneråda godkjenner støtte inntil 3.ungdommar frå Jølster. sokerådsleiarane har gjeve lovnad på AU-møte 23.5.pga kort frist. Hildegunn informerar.

Saka utgår pga manglande påmelding.

Sak 18/24 Meldingar/Orientering:

- 29.september jubileumsgudsteneste, begge sokneråda er med å ordnar til?
- Silje har teneste som sokneprest ut august. Ho vil starte opp med det nye konfirmantkullet. Sokneråda må diskutere med prosten korleis vi skal løyse dette vidare.
- E post sendt til prost Knut Magne Nesse frå Ålhus og Helgheim sokneråd, om ny utlysning av sokneprest stilling, utan godkjent utdanning. I eigen epost.

- Silje Sørebo informerte om at Fellestrådet har det svært utfordrande for tida. Økonomisjefen er alvorleg sjuk og langtidssjukmeldt, og kyrkjevevje er også alvorleg sjuk og blir delvis ute av arbeid ei tid. Det er difor vanskeleg å få mykje inntekter på konfirmantarbeidet, den kontoen skal gå i 0.

Neste soknerådsmøte er 22.august.

Inger Johanne Klakegg
referent